

From: Olstad, Kari Hagelia
Sent: 10. august 2020 12:14
To: Trædal, Yngve Ramse
Subject: Sak 20/74 - Høringsutkast reguleringsplan Simonstad næringsområde - omdisponering av dyrka mark

Follow Up Flag: Følg opp
Flag Status: Flagged

Omdisponering av jordbruksareal – Jordlova § 9

Som ein del av «Høringsutkast reguleringsplan Simonstad næringsområde» skal det vurderast kva konsekvens gang- og sykkelsti vil ha for landbruk.

Planlagt gang – og sykkelsti teikna inn på kart, vest for kommunal veg, vil føre til nedbygging av om lag 1, 6 daa jordbruksareal på gnr 44 bnr 1.

Vurdering etter Jordlovas § 9 – «Bruk av dyrka og dyrkbar jord» :

Ut frå Jordlova §9 skal ikkje dyrka jord brukast til føremål som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon. I særlege tilhøve kan ein gje dispensasjon dersom ein etter ei samla vurdering finn at jordbruksinteressene bør vike.

I dette tilfellet er samfunnsgagnet avgjerande for ei omdisponering av jordbruksarealet.

Det aktuelle arealet vil ikkje påverke arronderinga negativt. Dessutan er det eit lite areal i forhold til den aktuelle eigedomen sitt totalareal.

Ut frå Jordlova skal det takast omsyn til arealet kan førast tilbake til jordbruksproduksjon. I dette tilfelle er det ikkje aktuelt, men det kan vere mogleg å ta vare på matjorda og nytte den på dyrka eller dyrkbar jord.

Kari Hagelia Olstad

Jordbruks- og næringsrådgjevar
Åmli kommune
37185252/41643435